

På sporet av den gode opplevinga i Uskedalen.

20.05.2018



Bergen Seilforrening har Uskedalen som fast turmål i pinsehelga. F.v: Lars Kåre Stendal, leiar, og Hans Gustav Mussland, båtlagsleiar.

Overskrifta seier seg sjølv. Lars Kåre Stendal er leiar for Bergen Seilforrening sin pinsetur til Uskedalen. Han jobbar i Jernbanedirektoratet og seier det slik: Vi er på sporet av den gode opplevinga i Uskedalen. Betre kan det ikkje seiast av ein som jobbar med jernbane og det å vera på sporet. Bergen Seilforrening har brukt Båthamna i Uskedalen fast til sine seglturar i pinstihelga i mange år.

Tilsaman ligg det 13 store seglbåtar frå Bergen Seilforrening i båthamna. Nokre kom alt fredag kveld, resten kom på laurdag. Dei ligg i Uskedalen til avreise i morgon, 2. pinsedag. Leiaren Stendal framhevar Uskedal Båtlag og deira hamn med god service og eit godt vertsskap. Den nye strandstova er klar for bruk. Andre faktorar som gjer at valet vert Uskedalen. er fjellet, naturen og gode turstiar, også i nærområde.

Uskedalen.no snakkar med ein seglbåteigar frå Fusa. Han jobbar i SKL og kjenner godt Uskedalen frå arbeidet sitt. Han seier det slik om korleis han vel Uskedalen som turmål: Fyrst sjekkar eg Webkamera og finn ut korleis ver og vind er i område. I Rosendal kan det vera ein plagsam austavind. Uskedalen er betre. Her er det god plass, roleg og ikkje minst ein super SPAR butikk like ved båthamna. Vi har også eit venepar som ferierer på Rabben Feriesenter.

Den same tendensen er synleg her som på Rabben Feriesenter. Båt- og campinggjester finn vegen tilbake til Uskedalen, etter nokre år der ein gjerne har prøvd andre turmål.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



13 store seglbåtar frå Bergen rigga godt i båthamna i helga.